



Konferansen "Vestlandet – eit fleirkulturelt samfunn" – del 6

Vi innbyr til ny konferanse i Bergen den 8. og 9. november 2007.

Som offentlege instansar har vi eit stort ansvar for tilrettelegging og utforming av eit inkluderande og deltakande samfunn. Hordaland fylkeskommune har teke denne utfordringa og innbyr i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Bergen kommune, Integrerings-og mangfoldsdirektoratet og Fagforbundet til ein ny konferanse med tema:

Dialog og samspel i eit inkluderande samfunn Ungdom meistarar

Å skapa eit godt og inkluderande samfunn for alle er understreka i statlege, fylkeskommunale og kommunale retningsliner. Dette set krav både til majoriteten og minoritetane. Det set krav til oss som menneske, og det set krav til samfunnet som system.


Dialogen er ein viktig føresetnad for å skape utvikling. Gjennom dialogen kjem samspelet. Til slutt meistarar vi. I eit samfunn bygd på respekt og likeverd er vi alle medspelarar. Og vi er alle rollemodellar.

På denne konferansen vil du møta mange engasjerte og kompetente førelesarar som vil dele sine erfaringar og arbeid med å skape eit inkluderande samfunn

Målgruppa for konferansen er politikarar, alle som arbeider innan skole, oppvekst, kultur, idrett og organisasjonsliv, arbeid i privat eller offentleg regi. *Elevane i skolen er også ei klar målgruppe.*

Vi bed om at vedlagte innbyding vert gjort kjent for alle aktuelle instansar og deltakarar.

Så ønskjer vi vel møtt i Bergen!



Paul M. Nilsen